



# Styrets årsmelding for år 2013

## Datert 28. mars 2014

Styrets sak 8-2014

### Del I:

Årsmelding

### Del II:

Årsrekneskap 2013, balanse 31.12.13

Budsjett 2014

Økonomiplan 2014 – 2017

### Del III:

Revisjonsmelding

Postadresse  
SUM  
6815 Førde

Besøksadresse  
Einestølen  
Førde

Telefon  
57 72 41 50

Bankkonto  
3760 10 20069  
Postgirokonto

Organisasjonsnr.  
NO 970.921.915 mva  
WEB  
[www.sum.sf.no](http://www.sum.sf.no)

Interkomm. renovasjon: Askvoll, Fjaler, Førde, Gaular, Hyllestad, Jølster, Naustdal

e:\årsmeldingar 2013\styrets årsmelding 2013\2014.03.28 styrets årsmelding datert 28. mars 2014 sak 8  
signert.docx

|                                                                           |    |
|---------------------------------------------------------------------------|----|
| Del I Årsmelding .....                                                    | 3  |
| 1..... Utviklinga i SUM 1993 – 2012, oppsummering                         | 4  |
| 2..... Driftsløyve, forurensingslova                                      | 6  |
| 3..... Eigartilhøve og eigarane si målsetjing med SUM.                    | 6  |
| 4..... Avtaler mellom eigarane og SUM                                     | 8  |
| 5..... Avfallsbeholdarar etter oppteljing / gjennomgang                   | 9  |
| 6..... Førebyggjande tiltak, unormale hendingar, særlege problem. Klager. | 9  |
| 7..... Beredskapsplan                                                     | 11 |
| 8..... Informasjon                                                        | 11 |
| 9..... Kontrakter - avtaler                                               | 12 |
| 10..... Farleg avfall generelt og EE-avfall                               | 12 |
| 11..... Vindauge med PCB og klorparafinar                                 | 12 |
| 12..... Golvbelegg og skumplastisolasjon - EPS – «isopor»                 | 13 |
| 13..... Plast                                                             | 13 |
| 14..... Bygningsgips                                                      | 13 |
| 15..... Anlegg og bygningar, utstyr-maskiner                              | 14 |
| 16..... Sigevatn. Resipeintgransking. Årsrapport vatn                     | 15 |
| 17..... Fakkelanlegg deponigass søkt stengt av                            | 15 |
| 18..... Gjenvinningsstasjonar, ytre                                       | 15 |
| 19..... Påverknad ytre miljø – utsjånad, lukt mv                          | 16 |
| 20..... Returpunkt; Emballasjeglas/glasflasker og hytte-containerar       | 16 |
| 21..... Slammottak                                                        | 16 |
| 22..... Mannskap som følge av aktivitet                                   | 16 |
| 23..... Utviding deponiareal er aktualisert                               | 16 |
| 24..... Kontrollar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane                    | 17 |
| 25..... Utvikling dei neste åra                                           | 17 |
| 26..... SUM samarbeider og gir råd                                        | 17 |
| 27..... Info – internett - APP; Postutsendinga redusert.                  | 17 |
| 28..... Opplæring - kompetanseheving                                      | 18 |
| 29..... Bedriftshelseteneste                                              | 18 |
| 30..... Godtgjersle styre-rep.skap-klageutval 2013                        | 18 |
| 31..... Forurensingslova § 2 og retningslinjene for avfallsarbeidet:      | 18 |
| 32..... I høve til Regnskapsloven § 3-3:                                  | 19 |
| 33..... SUM 20 år 25.mai 2013 og feira v. ungdommeleg kunstprosjekt       | 19 |
| 34..... Styrets vurdering.                                                | 19 |
| 35..... Statistikk                                                        | 21 |
| Del II; Årsrekneskap 2013, balanse 31.12.13, økonomiplan 2014-2017 .....  | 24 |
| 36..... Resultat 2013                                                     | 25 |
| 37..... Balanse 31.12.2013                                                | 27 |
| 38..... Budsjett 2014 mot resultat 2013                                   | 30 |
| 39..... Økonomiplan 2014-2018                                             | 32 |
| Del III; Revisjonsmelding .....                                           | 34 |
| 40..... Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjonen                             | 34 |

## **Del I Årsmelding**

## **1. Utviklinga i SUM 1993 – 2012, oppsummering**

### **År 1993:**

SUM vart skipa i mai 1993.

### **År 1994:**

SUM i praktisk drift. Utkjøring av alle dei «umulege» dunkane, i bruk frå sommaren

### **År 1995:**

Bygging av Hesjedalen avfallsplass i gang på hausten.

### **År 1996:**

Bygging av ny gjenvinningsstasjon på Skei i Jølster. Bygging av Hesjedalen avfallsplass heldt fram

### **År 1997:**

Hesjedalen avfallsplass og adm.bygg /driftsbygg ferdig.

### **År 1998:**

Bygging av anlegg for matavfallkompostering endeleg vurdert og lagt bort.

### **År 1999:**

Det vart bygt ny gjenvinningsstasjon på Sande i Gaular

Prøve-kompostering av slam blanda med knust treverk kom i gang

### **År 2000:**

Saman med Jordforsk; Vurdering av metannedbrytande deponidekke.

Alt kloakkslam frå SUM-kommunane vart kompostert på toppen av fyllinga.

Frå haustparten vart deponiet utvida

### **År 2001:**

Meldingane om dyresjukdommar i Europa: ku-galskap samt munn- og klauv-sykje

BIR (Bergen) bygde sitt forbrenningsanlegg med kapasitet ca. 110.000 årstonn

Deponiutvidinga vart avslutta på vårparten

### **År 2002:**

I EU-systemet vart det grundig drøfta kva tiltak som ville vere aktuelle for å hindre smittespreiing, jamfør dyresjukdommane i 2001.

Det vart bygt ny gjenvinningsstasjon i Fjaler

### **År 2003**

SUM gjekk ut i EØS-området med forespørsel om bygging av gassanlegg.

SUM gjekk også ut på med "hurtigforespørsel" for å sikre at matavfallet kunne takast ut av fyllinga til 01.12.03.

Retura Fjordane AS vart skipa med SUM som eineeigar.

### **År 2004:**

Gassanlegget stod ferdig innan fristen 01.06.04.

Forespørsel på handtering av SUMs restavfall frå hushaldning 2005-2006-2007.

1.juli 2004 vart Forurensingsloven endra; FORBRUKSAVFALL gikk ut, ny nemning vart HUSHALDNINGSAVFALL.

Ca 30% av tidlegare monopolvare gikk inn i den nye nemninga NÆRINGS-AVFALL som tok over for

PRODUKSJONSAVFALL.

REKOM vann anbodskonkurransen på forbrenning med energigjenvinning.

### **År 2005**

Starta planlegging av sorterings- og omlastingshall.

Sunde Gjenvinning AS og SAR AS aksjar i Retura Fjordane

SUM søkte om nytt driftsløyve, svaret kom i 2008

### **År 2006**

Omlastings- og sorteringshallen vart bygt og teken i bruk seint på hausten. Utvendig flate for metallskrap vart opparbeidd

SAR AS vann kontrakten på inntransporten frå gjenvinningsstasjonane, returpunkta og farleg avfall.

Olav Tenden Transport AS (Stryn) vann transport- og sorteringskontrakten på papir.

Ny gjenvinningsstasjon i Staurdalen i Hyllestad; Den første stasjonen for "krokraft" (store 41 m<sup>3</sup> containerar)

### **År 2007**

Anbodsrunde på slam og dunkrenovasjon.

I Staurdalen – Hyllestad vart det innført løysing for betalingsavfall.

| Postadresse | Besøksadresse | Telefon     | Bankkonto     | Organisasjonsnr.   |
|-------------|---------------|-------------|---------------|--------------------|
| SUM         | Einestølen    | 57 72 41 50 | 3760 10 20069 | NO 970.921.915 mva |
| 6815 Førde  | Førde         |             | Postgirokonto | WEB                |
|             |               |             |               | www.sum.sf.no      |

Interkomm. renovasjon: Askvoll, Fjaler, Førde, Gaular, Hyllestad, Jølster, Naustdal

e:\årsmeldingar 2013\styrets årsmelding 2013\2014.03.28 styrets årsmelding datert 28. mars 2014 sak 8 signert.docx

Retura Fjordane AS vart avvikla

### **År 2008**

Retura Fjordane AS avvikla

Fylkesmannen; nytt driftsløyve i mars månad, ref søknad år 2005

Opparbeiding av ny slamkomposteringsplass Einestølen under arbeid.

### **År 2009**

Ny gjenvinningsstasjonen i Askvoll

### **År 2010 - 2011**

Ny gjenvinningsstasjon i Gaular vart bygt på haustparten, og kom i drift i desember 2010

Det vart også bygt ny stasjon i Jølster og Fjaler, vart tekne i bruk 2011

Alt brennbart til energigjenvinning.

Adm.bygget Einestølen ferdig 2011, 2 nye kontor plassar (dei første sidan opprinneleg bygging 1997). Lagerbygg (rundt 400 m2), utviding traileroppstilling utanfor port og «elv i rør» ovanfor vekta ferdigstilt.

### **År 2012**

Einestølen; Tak over vekta i 2012. Gjenvinningsstasjonen oppgradert, ferdig desember. Alle nedbørspåverka fraksjonar er under tak, og heile stasjonsområdet er meir romsleg sidan nybygget er lagt «bak» i tidlegare skråning.

SUM tok over driftinga av 4 gjenvinningsstasjonar gjennom kontrakt med driftar Myrmel Bruk v. Ove Myrmel; Jølster (Skei), Gaular (Sande), Fjaler (Kjørlevika) og Askvoll (Olsetvikane).

Omlagginga frå kommunal drift vart gjort etter dialog med dei 4 kommunane.

Hyllestad kommune driftar stasjonen på Myrgjerdet.

### **År 2013**

Behovet for å få meir ømfintleg avfall under tak, gjorde at det vart bygt lagerbygg (garasjemodul) på gjenvinningsstasjonane; Skei, Sande, Kjørlevika, Olsetvikane, Staurdalen.

Det vart innkjøpt komprimatorcontainerar til dei same stasjonane for å presse saman laust pair og papp, og effektivisere inntransporten. Dermed vert papirfraksjonen tømt i krokcontainerløyving som går i same tømesyklus som andre større fraksjonane, til dømes restavfall, treverk, metall

## **Investeringane opp gjennom åra i grove trekk**

| Tekst                                                                                                                                                                                            | År          | Mill. kroner               |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------|----------------------------|
| Overtaking av frå ISR inkl. Løkingmyra avfallsplass                                                                                                                                              | 1994        | 9                          |
| Dunkar og containerar                                                                                                                                                                            | 1994        | 10                         |
| Bygging veg til Einestølen                                                                                                                                                                       | 1996        | 17                         |
| Diverse grunnkjøp                                                                                                                                                                                | 1996        | 2                          |
| Bygging Hesjedalen avfallsplass                                                                                                                                                                  | 1997        | 20                         |
| Bygging Einestølen gjenvinningsstasjon m. adm.bygg                                                                                                                                               | 1997        | 7                          |
| Etablering og Bygging gjenvinningsstasjonar (frå 1996)                                                                                                                                           | Frå 1996    | 6                          |
| Utviding Hesjedalen avfallsplass                                                                                                                                                                 | 2001        | 6                          |
| Maskiner                                                                                                                                                                                         | 1994 - 2007 | 5                          |
| Gassanlegg og omlastingsbås                                                                                                                                                                      | 2004        | 2                          |
| Omlastingshall                                                                                                                                                                                   | 2006        | 6                          |
| Bygging gjenvinningstasjon i Hyllestad Diverse utstyr, m.a. containerkjøp                                                                                                                        | 2007        | 3                          |
| Start-arbeid Einestølen etter nytt løyve. Start ny gjenv. st. Askvoll. Utsifting hyttecont.                                                                                                      | 2008        | 3                          |
| Ferdigstilling ny gjenvinningsstasjon Askvoll                                                                                                                                                    | 2009        | 1                          |
| Opparbeiding komposteringsflate og slambingar, arrondering lagerplass syd omlastingshall, start opparbeiding sorteringsflate vest metallskraptomt                                                | 2009        | 3                          |
| Renseanlegg sigevatn, div sprenging, oppknusing steinmassar, opparbeiding sorteringsflate v. metallskrap. Kvern for avfall og tre. Gjenvinn.stasjon Gaular og Jølster. container- og utstyrskjøp | 2010        | 10                         |
| Ferdigstill stasjonane Gaular og Jølster (0,5), Bygging gjenv.st Fjaler (4 – refusjon), bygging kontor, lager og tak over vekt mm (4,5). Containerar mv. (1)                                     | 2011        | 10                         |
| Tak gjenvinningstasjon (1), komprimator containerar og andre containerar (1), hjullastar (1,8), opparbeiding nytt lagerareal (0,2)                                                               | 2012        | 4                          |
| Lager / «garasje» Skei, Sande, Kjørlevika, Olsetvikane, Staurdalen. Komprimator- og andre containerar                                                                                            | 2013        | 3                          |
| <b><u>Samla investering pr jan 2014</u></b>                                                                                                                                                      |             | <b>Ca 127 mill. kroner</b> |

## 2. Driftsløyve, forurensingslova

Fylkesmannens løyve av mars 2008 / justert sept 2008 oppgir dette heimelsgrunnlaget, avskrift:

Løyvet er gitt i medhald av Lov om vern mot forurensninger og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6, §§ 11 og 29, jf. § 16, jf. forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) kapittel 9 og forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta) kap. 36.

Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknad av 11.7.05 samt opplysningar framkome under behandlinga av søknaden. Løyvet gjeld frå dags dato og på dei vilkåra som er gjevne i dette dokumentet.

SUM har løyve til drifting av anlegget på Einestølen inkludert fyllinga Hesjedalen Avfallplass

## 3. Eigartilhøve og eigarane si målsetjing med SUM.

### Frå Selskapsavtalen:

#### §1 Selskapets firma og deltakarane

Selskapets firma er Sunnfjord Miljøverk IKS.

Dei deltakande kommunane er Askvoll, Fjaler, Førde, Gaular, Hyllestad, Jølster og Naustdal

Andre kommunar har høve til å søkje medlemskap. Selskapet har hovudkontor og forretningsadresse i Førde.

#### §2 Formålet med selskapet er:

Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane.

Bygging og drift av behandlingsanlegg for restavfall etter gjenvinning

Selskapet skal bygge og drive innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidaresending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast. Selskapet kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg

Selskapet kan delta i, - til dømes ved aksjekjøp – og / eller opprette sjølvstendige selskap - til dømes aksjeselskap - som skal ivareta spesielle oppgåver som har samanheng med drifta.

Selskapet skal leggje særleg vekt på miljøvenlege drift i alle ledd i avfallsbehandlinga og reduksjon av avfallsmengda.

Selskapet skal gje pålegg/råd i spørsmål som gjeld renovasjon, og i nært samarbeid med kommunane informere publikum og næringsdrivande om drifta av selskapet.

Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggje vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege behandlingsmetodar.

#### §3 Selskapsleiing

Selskapet vert leia av eit representantskap og eit styre. Representantskapet er selskapet sitt øverste organ. Medlemmene i representantskapet med personlege varamedlemmer vert valde av kommunestyra i medlemskommunane for 4 år i samsvar med den kommunale valperioden.

Medlem i styret kan ikkje vere medlem i representantskapet.

#### § 4 Representantskapet

§4.1 Representantskapet skal ha eit medlemstal som tilsvorar folketalet i medlemskommunane slik at kvar kommune har ein representant pr. 2.500 innbyggjarar. Minimumstalet på representantar frå ein kommune skal likevel vere 2 representantar uansett innbyggartal

Ein får følgjande medlemstal i høve til folketalet:

| Folketal      | Medl. i repr.skap |
|---------------|-------------------|
| 0 - 2500      | 2                 |
| 2500 - 5000   | 2                 |
| 5000 - 7500   | 3                 |
| 7500 - 10000  | 4                 |
| 10000 - 12500 | 5                 |
| 12500 - 15000 | 6                 |
| 15000 - 17500 | 7                 |
| 17500 - 20000 | 8                 |

Og så vidare etter same mønster

Utgangspunktet er folketalet i kommuneval-år, med basis i folketalet pr. 1.1.2004.

Folketalet og talet på medlemmer i representantskapet vert justert kvart 4. år, første gang 01.01.2008 og ved opptak av nye medlemskommunar eller ved endringar i eigarkommunane.

Folketalet og prosentdelinga er slik pr.01.01.2012 (Kjelde Statistisk Sentralbyrå):

| Kommune        | Folketal | Folketal   | Fordeling | Fordeling | Medl.repr.skap |
|----------------|----------|------------|-----------|-----------|----------------|
|                | 01.01.08 | 01.01.2012 | % 2008    | % 2012    |                |
| 1413 Hyllestad | 1505     | 1 461      | 5,49      | 5,18      | 2              |
| 1428 Askvoll   | 3065     | 3 010      | 11,18     | 10,67     | 2              |
| 1429 Fjaler    | 2849     | 2 832      | 10,39     | 10,04     | 2              |
| 1430 Gaular    | 2748     | 2 848      | 10,02     | 10,09     | 2              |
| 1431 Jølster   | 2929     | 3 052      | 10,68     | 10,82     | 2              |
| 1432 Førde     | 11650    | 12 307     | 42,50     | 43,61     | 5              |
| 1433 Naustdal  | 2668     | 2 710      | 9,73      | 9,60      | 2              |
|                | 27414    | 28 220     | 100,00    | 100,00    | 17             |

\*\*\*\*\*

## §6 Styret

§ 6.1.1 Styret skal ha eit medlemstal som tilsvarar folketalet i medlemskommunane slik at kvar kommune er representert slik:

| Folketal      | Medl.i styret |
|---------------|---------------|
| 0 - 10000     | 1             |
| 10000 - 15000 | 2             |
| 15000 - 20000 | 3             |
| 20000 - 25000 | 4             |

Styremedlemmene skal ha personlege varamedlemmer.

## **Representantskapet m. personleg vara :**

|           | Namn fast                  | Namn personleg vara  |
|-----------|----------------------------|----------------------|
| JØLSTER   | Ragnhild Sæle              | Audun Høyvik         |
| JØSTER    | Anders Kristian Sægrov     | Jan Ove Flaten       |
| NAUSTDAL  | Trude Meek                 | Arne Kjell Folkestad |
| NAUSTDAL  | Anne Britt Øyra, nestleiar | Stian Grimseth       |
| ASKVOLL   | Onar Osland                | Marit Klausen        |
| ASKVOLL   | Linda Landøy               | Oddbjørn Aalen       |
| FJALER    | Kjetil Fristad             | Kåre Eimind          |
| FJALER    | Ida Ravnøy                 | Anita Nyland Skaar   |
| GAULAR    | Mathias Råheim             | Anita Eide Kvamme    |
| GAULAR    | Grim Erik Gillestad        | Heidi Vallestad      |
| HYLLESTAD | Svein Reidar Dale          | Yvonne Dale          |
| HYLLESTAD | Ivar Systad                | Anne Karin Eiken     |
| FØRDE     | Olve Grotle                | Christina M. Kvamme  |
| FØRDE     | Iris Loftheim              | Ove Varlid           |
| FØRDE     | Jan Taule, leiar           | Sindre Roska         |
| FØRDE     | Terje Gjertsen             | Gro Indrebø          |
| FØRDE     | Norvall Nøringset          | Ole Fosse Fardal     |

## **Styremedlemmer m. personlege varamedlemmer**

|                                          | Namn fast                       | Namn personleg vara    |
|------------------------------------------|---------------------------------|------------------------|
| JØLSTER                                  | Oddmund Klakegg                 | Judith Kapstad         |
| NAUSTDAL                                 | Harald Kvame                    | Turid Anita Viken      |
| ASKVOLL                                  | Frida Melvær, styrets nestleiar | Kjell Kristian Carlsen |
| FJALER                                   | Stig Moltumyr                   | Hogne Kvangarsnes      |
| GAULAR                                   | Henrik Lunde, styreleiar        | Margunn Skudal Nistad  |
| HYLLESTAD                                | Kari Hilde Ulvik                | Espen Berge            |
| FØRDE                                    | Bjørn-Harald Haugsvær           | Tore Fossen            |
| FØRDE                                    | Turid Vallestad                 | Gro Indrebø            |
| <b>Det vart halde 6 styremøte i 2013</b> |                                 |                        |

**Klageutvalet:**

|                       |                              |  |                            |                   |
|-----------------------|------------------------------|--|----------------------------|-------------------|
| <b>Jølster fast</b>   | Dag Arne Veiteberg           |  | Jølster vara               | Janne Eikås       |
| <b>Naustdal fast</b>  | Ole Erik Thingnes, nestleiar |  | Naustdal vara              | Viggo Leikanger   |
| <b>Askvoll fast</b>   | Jostein Erikstad             |  | Askvoll vara               | Ole Andre Klausen |
| <b>Fjaler fast</b>    | Kåre Eimind                  |  | Fjaler vara                | Joy Taylor        |
| <b>gaular fast</b>    | Harald Solheim               |  | gaular vara                | Erlend Fossen     |
| <b>Hyllestad fast</b> | Unni Systaddal               |  | Hyllestad vara             | Heidi U. Atterås  |
| <b>førde fast</b>     | Siw Landro, leiar            |  | førde vara for Landro      | Karl Øystein Haug |
| <b>førde fast</b>     | Kjell Arne Hjellbrekke       |  | førde vara for Hjellbrekke | Knut Johansen     |

Utvalet konstituerte seg på møte 17. februar 2012, og valde:

**Leiar Siw Landro**

**Nestleiar Ole Erik Thingnes**

I 2013 var der ikkje klagesaker til behandling i utvalet.

**4. Avtaler mellom eigarane og SUM****Kommunale forskrifter**

Eigarkommunane har likelydande forskrift for renovasjon og slam.

Gebyrfastsetjinga var i 2013 lik i alle eigarkommunane.

**SUMs oppdrag på vegne av eigarkommunane:**

- Gjennomføre all innsamling av hushaldningsavfall i kommunane, ref Forurensningsloven §30, jamfør §34, enten sjølv eller gjennom avtaler med aktuelle entreprenørar.
- Syte for at alle abonnentane har det utstyret som skal til for å gjennomføre kjeldesortering og innsamling i henteordningar
- Syte for alt nødvendig oppsamlingsutstyr på returpunkt, til dømes utplasserte containerar for emballasjeglase og hytteavfall. Avfallsinnsamling frå desse punkta enten sjølv eller gjennom avtaler
- Bygge ut og drifte gjenvinningsstasjonane enten sjølv eller gjennom avtaler
- Syte for alt nødvendig oppsamlingsutstyr på gjenvinningsstasjonane, til dømes utplasserte containerar for farleg avfall, restavfall, treverk metallskrap. Etablere og drifte ”returpunkt!” for emballasjeglase og hytteavfall.
- Hente alt rettmessig levert avfall frå gjenvinningsstasjonane og returpunkta og sikre korrekt gjenvinning og/eller sluttbehandling, enten sjølv eller gjennom avtaler

**Driftsavtaler gjenvinningsstasjonar**

Hyllestad kommune drifrar stasjonen i Staurdalen.

Myrmel Bruk drifrar stasjonane i Jølster, Gaular, Fjaler og Askvoll. Sidan Myrmel ikkje er «kommunal», kom Fylkesmannen til at verksemda må ha særskilt driftsløyve; Sjølv om det er SUM som har bygt og eig alle stasjonar med alt utsyr.

SUM og Myrmel Bruk skreiv søknad i fellesskap. Løyva vart givne – med klagefrist. Fylkesmannen inviterte til møte og gjennomgang før klagefristens utløp, men dessverre møtte ingen statleg representant på avtale tidspunkt og stad. Tilhøvet vart tatt opp skriftleg og SUM skreiv at det var føresett at møtet vart halde før klagefristens utløp. Så skjedde ikkje; og sak vart purra i formelt brev som ikkje er svara på pr 15. januar 2014. På grunn av manglande tilbakemelding, er SUM svært usikker på kva oppfatning Fylkesmannen har av nemnde driftssituasjon. Etter kontroll på stasjonane med svært skarpt signal mot Myrmel Bruk, såg SUM seg nøydd til å få tatt ein relativt grundig juridisk gjennomgang. SUM håpar det er mogleg å finne godtakbare løysingar utan å bruke enno meir ressursar på formelle grenselandtilfelle.

SUMs syn er at Myrmel Bruk gjer ein svært god jobb på stasjonane, tilbakemeldinga frå innbyggjarane og næringsdrivande er også gode

## 5. Avfallsbeholdninger etter oppteljing / gjennomgang

| GRÅ<br>(Restavfall) | Fastbuande<br>jan 2012 | Hytte<br>januar<br>2012 | Tot januar<br>2012 | Fastbuande<br>jan 2013 | Hytte<br>januar<br>2013 | Tot<br>januar<br>2013 | Endring<br>2012 -<br>2013 |
|---------------------|------------------------|-------------------------|--------------------|------------------------|-------------------------|-----------------------|---------------------------|
| Askvoll             | 1423                   | 150                     | 1573               | 1443                   | 148                     | 1591                  | 17                        |
| Fjaler              | 1302                   | 129                     | 1431               | 1315                   | 127                     | 1441                  | 11                        |
| Førde               | 5269                   | 38                      | 5307               | 5371                   | 37                      | 5408                  | 101                       |
| Gaular              | 1056                   | 56                      | 1111               | 1090                   | 57                      | 1147                  | 36                        |
| Hyllestad           | 781                    | 120                     | 901                | 784                    | 119                     | 902                   | 2                         |
| Jølster             | 1239                   | 138                     | 1377               | 1269                   | 138                     | 1407                  | 30                        |
| Naustdal            | 1064                   | 98                      | 1162               | 1104                   | 94                      | 1199                  | 36                        |
| <b>SUM</b>          | <b>12 134</b>          | <b>728</b>              | <b>12 862</b>      | <b>12 375</b>          | <b>719</b>              | <b>13 094</b>         | <b>232</b>                |

| Blå<br>(Papiravfall) | Fastbuande<br>jan 2012 | Hytte<br>januar<br>2012 | Tot januar<br>2012 | Fastbuande<br>jan 2013 | Hytte<br>januar<br>2013 | Tot<br>januar<br>2013 | Endring<br>2012 -<br>2013 |
|----------------------|------------------------|-------------------------|--------------------|------------------------|-------------------------|-----------------------|---------------------------|
| Askvoll              | 1183                   |                         | 1183               | 1190                   |                         | 1190                  | 7                         |
| Fjaler               | 1206                   |                         | 1206               | 1214                   |                         | 1214                  | 8                         |
| Førde                | 4995                   |                         | 4995               | 5061                   |                         | 5061                  | 66                        |
| Gaular               | 1123                   |                         | 1123               | 1131                   |                         | 1131                  | 8                         |
| Hyllestad            | 699                    |                         | 699                | 692                    |                         | 692                   | -7                        |
| Jølster              | 1198                   |                         | 1198               | 1204                   |                         | 1204                  | 6                         |
| Naustdal             | 1020                   |                         | 1020               | 1055                   |                         | 1055                  | 35                        |
| <b>SUM</b>           | <b>11 425</b>          | <b>0</b>                | <b>11 425</b>      | <b>11 547</b>          | <b>0</b>                | <b>11 547</b>         | <b>122</b>                |

Dunkar er vekta slik:  
140 liter = 1  
240 liter = 1,71  
660 liter = 4,71  
ein hyttedunk = 1

Hyttedunkar er både private abonnent og felles oppsamlingseiningar.  
Konteinarar utplassert på oppsamlingsplasser for hytteavfall ikkje medtekne.

Teljing utført januar 2014 i samband med ny kontraktperiode RenoNorden. Kontroll av dunkar skjer kontinuerlig gjennom året.

## 6. Førebyggjande tiltak, unormale hendingar, særlege problem. Klager.

Sommaren 2013 hadde SUM ei utriveleg utrenningshending; Det vart tippa for mykje fiskefeitt i båsane som skal ta i mot slikt, og ein god del feitt rann gjennom barrieren/opsugingsdemninga av knust treverk – som i normaltilhøve og ved passande mengder fangar opp kompostvara. Det flytande stoffet gikk inn på sigevasssystemet som har sitt endepunkt 200 meter frå land på Kvieneset på ca 30 m djup. Då feittet kom til overflata, vart det danna flak av klebrigt stoff.

Strenger var tilgrisa, også ein del småbåtar vart utsette for svineriet.

Brannvesenet i Førde gjorde ein kjempejobb stilte med mannskap og rydda mange strekningar etter kvart som meldingane om tilgrising kom.

Publikum som vart utsette for tilgrising av til dømes båtar, fekk beskjed om at dei måtte ta saka gjennom sitt forsikringsselskap; Dette måte gjerast for å sikre at grunnlaget for erstatningsoppgjer vart rett, og at utarbeiding av regress-krav var juridisk haldbart. Det vart teke prøver av utsleppet; Analysen viste at stoffet ikkje er miljøfarleg (ingen miljøgifter vart funne) utover tilgrisingsproblematikken.

SUM har opp gjennom åra gitt moglegheit for nokre få transportørar til å bringe avfall inn på anlegget utanom opningstid; Alt avfall blir sjølvstekt vege enten ved bruk av elektronisk system eller ved manuell føring av vekt inn og ut. Med få unntak har dette fungert godt, og det bidrar til at transportørane får brukt sin kapasitet fleksibelt med økonomisk fordel både internt bedriftsøkonomisk og samfunnsøkonomisk.

Resultatet av utrenningshendinga var at ingen lenger får tippe denne type relativt kurant komposteringsvare utan at SUMs personale har oppsyn med lossinga; SUM kan ikkje lite på at det vert stogga når den trekamra bunkersen er full.

\*\*\*\*\*

På haustparten vart det oppdaga mykje rotter på anlegget.

Det er normalt at det må reknast med at rotter kjem med containerar inn på anlegget – SUM har sidan 1994 hatt avtale med skadedyrfirma som kontinuerleg syter for utryddande tiltak. Denne gongen var bestanden stor, og det vart jobba intensivt med både gift og fysiske stengsler. Etter nokre veker med ekstraordinære tiltak, var situasjonen stabilisert og drifta er tilbake i vanleg overvakingsmodus.

Ein må rekne med at slikt skjer på nytt, samtidig som alle aktuelle transportørar har fått beskjed om å vere vakne for problemet; Ved tvil nektar SUM containerlossing.

Anlegget for deteksjon av brann samt innbrotvarslingsanlegget fungerer godt. 2-3 gonger har brannalarm vorte utløyst på grunn av store støvmengder under hallreingjering (feiemaskin på hjullastar vert brukt). I 2013 har det ikkje vore brann-tillaup.

Systemet er slik:

- Kontrakt med Alarmsentralen på registrering og vidarersending av brannvarsling til Førde Brannvesen
- Kontrakt med Alarmsentralen på registrering og vidarersending av innbrotvarsling til Førde Brannvesen
- Førde Brannvesen er utrykkingseining ved brannvarsling
- Kontrakt med Førde Brannvesen på utrykking ved innbrotvarsling

SUM er svært godt nøgd med at Førde Brannvesen har hand om desse alarmane; Utrykkingstida vert kort og brannfolka har god kunnskap om anlegget på Einestølen.

\*\*\*

Dunktøminga medfører ein del kontakt. Døme: Overfylte dunkar vert ikkje tømde og vegar som ikkje vert kjørt på grunn av at sjåføren ikkje finn det forsvarleg på vinterstid.

### **RenoNordens rapp. 2013, feil frå dunkbrukar:**

**Dunker som RenoNorden har sendt avvik til SUM og Kommunane på som ikkje er tømte begrunna av Renovasjonsforskriftene i SUM**

Fr= Framkommelegheit. Ov= overfylt. Feil=feilsortert.

|           | Førde |    |      | Naustdal |    |      | Jølster |    |      | Gaular |    |      | Fjaler |    |      | Hyllestad |    |      | Askvoll |    |      | Sum |
|-----------|-------|----|------|----------|----|------|---------|----|------|--------|----|------|--------|----|------|-----------|----|------|---------|----|------|-----|
|           | Fr    | Ov | Feil | Fr       | Ov | Feil | Fr      | Ov | Feil | Fr     | Ov | Feil | Fr     | Ov | Feil | Fr        | Ov | Feil | Fr      | Ov | Feil |     |
| Januar    |       |    | 3    | 7        | 1  |      |         |    |      |        |    |      |        |    |      |           |    | 1    |         |    |      | 12  |
| Februar   | 2     | 13 | 1    | 3        | 1  |      |         |    |      | 4      |    |      | 4      |    |      | 1         | 1  |      |         |    | 1    | 31  |
| Mars      |       |    |      | 6        |    |      |         |    |      |        |    | 1    | 3      | 1  |      |           |    |      |         |    |      | 11  |
| April     |       | 2  |      |          |    |      | 7       |    |      |        | 1  |      |        | 1  |      |           |    |      | 2       |    |      | 13  |
| Mai       | 1     |    | 1    |          |    |      |         |    |      |        |    |      |        |    |      |           |    |      |         |    |      | 2   |
| Juni      |       |    | 1    |          | 1  |      |         |    |      |        |    |      | 2      |    |      |           |    |      |         |    |      | 4   |
| Juli      |       |    |      |          |    |      |         |    |      |        |    |      |        |    | 1    |           | 1  |      |         | 1  |      | 3   |
| August    |       | 1  |      |          |    |      |         |    |      |        |    |      |        |    |      |           |    |      |         | 1  |      | 2   |
| September |       | 14 | 3    |          | 1  |      |         |    |      |        |    |      |        |    |      |           |    |      |         |    |      | 18  |
| Oktober   |       | 4  |      |          |    |      |         |    |      |        | 2  |      | 6      |    |      |           |    |      | 7       |    |      | 19  |
| November  |       |    | 1    |          |    |      |         |    |      |        |    |      |        |    |      | 3         |    |      |         |    |      | 4   |
| Desember  | 33    | 2  | 1    | 7        |    |      |         |    |      | 5      |    |      |        |    |      |           |    |      |         |    |      | 48  |
| Sum 2013  | 36    | 36 | 11   | 23       | 4  | 0    | 7       | 0  | 0    | 9      | 3  | 1    | 15     | 2  | 1    | 4         | 2  | 1    | 9       | 2  | 1    | 167 |
| Sum 2012  | 47    | 43 | 27   | 31       | 4  | 2    | 4       | 3  | 0    | 6      | 11 | 2    | 5      | 0  | 1    | 1         | 5  | 12   | 2       | 3  | 0    | 209 |

**RenoNordens rapp. 2013, feil frå RenoNorden:**

Oversikt over dunkar som urettmessig ikkje har vorte tømde

Dunker som RenoNorden har " gløymt", tømt i etterkant eller tilbydd ab. sekk på neste rute

|           | Førde | Naustdal | Jølster | Gaular | Fjaler | Hyllestad | Askvoll | Sum |
|-----------|-------|----------|---------|--------|--------|-----------|---------|-----|
| Januar    | 1     |          | 1       | 3      | 2      |           |         | 7   |
| Februar   | 2     |          |         |        |        | 1         | 1       | 4   |
| Mars      | 4     |          |         |        |        |           |         | 4   |
| April     |       |          |         |        |        |           |         | 0   |
| Mai       |       | 2        | 1       | 4      | 2      |           |         | 9   |
| Juni      | 4     |          | 1       |        | 3      |           |         | 8   |
| Juli      |       |          |         |        |        |           | 1       | 1   |
| August    | 1     |          | 2       |        |        |           |         | 3   |
| September | 2     | 1        |         |        | 1      |           |         | 4   |
| Oktober   | 1     |          |         | 1      |        |           |         | 2   |
| November  | 1     | 3        |         |        |        |           |         | 4   |
| Desember  | 2     |          |         |        |        |           |         | 2   |
| Sum 2013  | 18    | 6        | 5       | 8      | 8      | 1         | 2       | 48  |
| Sum 2012  | 4     | 6        | 0       | 0      | 8      | 2         | 5       | 27  |

Total tal tømninger : 639 996.

Avvik tal ikkje tømde dunker : 48 = 0.075promille

**7. Beredskapsplan**

SUM har beredskapsplan som vert revidert ved behov. Etter organisasjonsjustering hausten 2013, vart planen oppdatert 19. februar 2014.

Feittutrenninga til Førdefjorden sommaren 2013 har ført til at planen nemner utrenning til elvar og bekker særskilt.

**8. Informasjon**

Det er få klager frå abonnentane. Mange brukar nettsidene og finn svar der. Nokre tar kontakt på telefon og e-post, det er om lag slutt på brev-post.

Under ruteomlegging i veker med «raude dagar» er det alltid ein del som bommar på tømmedag. Også spørsmål rundt nokre avfallsfraksjonar er av og til tema, til dømes om farleg avfall og plast.

Det vert etter behov gjennomført synfaringar og møter; SUM-personalet stiller gjerne opp når direkte-kontakt er det mest tenlege.

SUM har tilsett person som mellom anna har elektronisk basert informasjon som arbeidsfelt. Målet er å gjere seg meir nytte av elektroniske info-system gjennom fleire løysingar. Nettsida vil bli vurdert med sikte på lettare tilgjenge til det mest aktuelle.

Moglegheitene for enkle abonnementsundersøkingar vert også vurdert.

## 9. Kontrakter - avtaler

Oppstilling over nokre av dei økonomisk tyngste avtalene:

| Avtalen gjeld                                                                                                         | Avtalepartner                                                     | Kontrakts-ansvarleg SUM | Tidsrom                    | Frist for opsjonsvarsling                  | Merknader                                                                       |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------|-------------------------|----------------------------|--------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------|
| Innkjøring frå SUMs gjenvinningsstasjonar                                                                             | SAR AS, Florø                                                     | Driftsleiar Bu          | 2012- 2015+ opsjon 1+1     | 30. sept. 2015                             | Ny anbodsrunde 1. halvår 2015 eller seinast 1. halvår 2017                      |
| Henting spesialavfall – farleg avfall på gjenvinningsstasjonar og verksemdar (etter innmelding) samt årleg henterunde | SAR AS, Florø                                                     | Driftsleiar Bu          | 2012- 2015+ opsjon 1+1     | 30.sept 2015                               | Ny anbodsrunde 1. halvår 2015 eller seinast 1. halvår 2017                      |
| Tøming av glas og metall frå returpunkt                                                                               | SAR AS, Florø                                                     | Driftsleiar Bu          | 2012- 2015+ opsjon 1+1     | 30. sept 2015                              | Ny anbodsrunde 1. halvår 2015 eller seinast 1. halvår 2017                      |
| Tøming av avfallbeholdarar, vanleg hushaldsrenovasjon                                                                 | Reno Norden AS, avd. Førde                                        | Konsulent Øvrebø        | 2013- 2017 opsjon 1 + 1 år | <b>30.juni 2017</b>                        | Ny anbodsrunde 1. halvår 2017 eller seinast 1. halvår 2019                      |
| Tøming av slamavskillerar og tette tankar                                                                             | Miljøservice AS, Stryn og Johnny Birkeland Transport AS, Dalsøyra | Økonomisjef Øvretveit   | 2008-2015 inkl opsjon      | Det er varsla bruk av opsjon 2014 og 2015. | Ny anbodsrunde 1. halvår 2015                                                   |
| Energigjenvinning restavfall                                                                                          | REKOM AS, Bergen                                                  | Dagleg leiar Grepstad   | 01.04.14 – 31.03.17        | Ingen opsjon mogleg                        | Anbodsrunde vart gjennomført rundt nyttår 2013 - 2014                           |
| Papir, mottak-sortering-kjøp                                                                                          | Norsk Gjenvinning, Førde                                          | Konsulent Øvrebø        | 2011----                   |                                            | SUM sel til høgstbydande som 31/12 er Norsk Gjenvinning, oppseiing avtale 3 mnd |

## 10. Farleg avfall generelt og EE-avfall

Sitat; «Definisjonen på farleg avfall (før 2003 benevnt "spesialavfall") er slik: "Avfall som ikke hensiktsmessig kan håndteres sammen med annet husholdningsavfall eller næringsavfall fordi det kan medføre alvorlige forurensninger eller fare for skade på mennesker eller dyr."»

Svært mykje har vorte definert som farleg avfall, stadig fleire avfallsfraksjonar kjem til.

Frå tidlegare kjenner ein fraksjonane maling-lim-lakk-olje. Også CCA-impregnert frå før år 2003, kreosotimpregnert og asbesthaldig vare er velkjent.

EE-avfall (elektrisk avfall) inneheld miljøfarlege produkt, og skal takast i mot og gjenvinnast / sluttbehandlast på trygg måte.

SUM har godt system som tek vare på dei typene som pr i dag skal ut, jamfør godt innsamlingsresultat på fraksjonane, sjå etterfølgjande innsamlingsstatistikk

## 11. Vindauga med PCB og klorparafinar

SUM handterer desse farleg-avfallstypene slik forskrift krev. PCB-vindauga (åra 1965-1975) er inne i eit brukbart produsentansvarssystem.

Klorparfinvindauga (1976 – 1990) er ikkje inne i nasjonalt system, avhendingsproblematikken må løysast av det enkelte selskap.

Etter mange runder, har SUM oppnådd å kunne redusere mottaksprisane frå mellom kr 10.000 og kr 12.000/tonn + mva, til rundt kr 6.400 – 8.300 + mva (høvesvis hushaldning og næring)

Prisnivået er framleis for høgt, men sidan Miljødirektoratet ikkje vil gå inn på produsentansvarsordning tilsvarande PCB-ruter, er det tvilsamt om vesentleg lågare pris er oppnåeleg.

## **12. Golvbelegg og skumplastisolasjon - EPS – «isopor»**

Slik stoda er, vert det meste av innlevert golvbelegg behandla som farleg avfall. Det same gjeld for skumplastisolasjon frå bygging, gjerne kalla «Isopor» (som er firmanamn) med fellesnamnet EPS Ekspandert Poly Styren.

Det viser seg at sluttbehandlingsløysingane varierer frå tid til tid; SUM skaffar lovleg avsetning når lageret er fullt

## **13. Plast**

### **Næring**

Etter dei opplysningar ein kan hente, er der løysingar på gjenvinning av næringslivsplast. SUM har ikkje engasjert seg for å få fatt i dette. Mengdene synest så små, at det ikkje er rom for mange aktørar.

### **Hushaldning**

Styret har mange gonger drøfta mottak av hushaldningsplast med bakgrunn i kva som er aktuell materialgjenvinningsløysing. Litt av problemstillinga ligg i kva som er materialgjenvinnbart, slik det framgår av rettleiinga frå Grønt Punkt:

Det er mange ulike typer plastemballasje som havner hos norske forbrukere: poser, folie, begre, kanner, bokser og flasker av plast. Konkrete eksempler er: Shampoflasker, kaffeposer, ostepakker, rømmebegre, vaskemiddelflasker og bæreposer. Plastemballasjen skylles i kaldt vann og kan gjerne rengjøres med oppvaskbørsten. Her gjelder det å bruke sunn fornuft: er det for krevende å rengjøre emballasjen ordentlig, så gjør den bedre nytte i restavfallet.

Plastprodukter som ikke er emballasje, f.eks. leker, hagemøbler, bøtter, hageslanger, kjøkkenredskaper og annet skal ikke leveres i returordningen for plastemballasje. Heller ikke flasker og kanner som har inneholdt oljeprodukter, ekstremt brannfarlig eller giftig avfall.

Etter styrevedtak er det innført prøveordning der alle abonnentar kan levere hushaldningsplast på alle gjenvinningsstasjonane, plasten skal gå til sortering for mogleg materialgjenvinning.

Det er skrive avtale med Norsk Gjenvinning som tek imot, ballar og mellomlagrar, og det er skrive avtale med Grønt Punkt som har det nasjonale ansvaret for ordninga. SUM har så langt ikkje erfaring med korleis kvaliteten på leveransane frå hushaldningane er; Vi har levert ein del til mellomlager hos Norsk Gjenvinnig og dei samlar opp til akseptabel transporttonnasje er oppnådd.


I samband med informasjonsoppgradering, vil også informasjonen om materialgjenvinnbar plast bli betra.

## **14. Bygningsgips**

Gips vert skilt ut og går og vil gå til materialgjenvinning. Motteken mengde har auka, det viser seg at ein del andre aktørar ikkje ønskjer å ha «ventelager» for dette produktet.

SUM har løyst dette; Det er sett av plass i eitt av lagerlokala der gipsen vert kjørt høgt opp langs betongveggen for å redusere arealbruk og risiko for fukt.

## 15. Anlegg og bygninger, utstyr-maskiner



### Planlagt:

Utviding av deponiet

Mogleg nytt takoverbygg vest for dagens metallskrapptomt

### Bygt:

Tiltak 2 Overbygging rundt eksist. sorteringsområde for å kunne plassere meir under tak / verna for nedbør

Tiltak 3 Tak over vekt. Gjennomført, tekking vår 2012

Tiltak 4 Nye kontor, gjennomført

Tiltak 5 Overbygging av større lagerområde for lengre tids lagring av t.d. PCB-vindu, batteri, ee, gips, + . Gjennomført , golvstøyp og tekking vår 2012

Tiltak 6 Utviding glasbåsar. Gjennomført. Golvstøyp vår 2012. Tak over vert vurdert

Tiltak 7 Omlastingshall

Tiltak 8 Overbygt og sjølvsortering, i lågarestående containerar

Tiltak 9 Driftsbygning

Tiltak 10 Administrasjonsbygg

Tiltak 11 Parkeringsplass

Tiltak 12 Glasbåsar

SUM har fleire maskiner i dagleg bruk:

**2 stk 18 tonns hjullastarar**, ikkje planer om skifting

**1 sorteringsmaskin**, kan bli skifta i større maskin, behandlingsmengdene er dobla sidan kjøpet i 2006

**1 kvern for avfall og treverk**, ikkje planer om skifting

**1 gravemaskin**, gammal maskin frå 1997, skifting vert vurdert (venteleg ikkje i 2014)

**1 kompaktor**, ikkje planer om skifting men kan vere behov for nye tenner på skovlane

**1 truck**

## **16. Sigevatn. Resipientgransking. Årsrapport vatn**

Det enkle renseanlegget vart sett i drift 2010.

Etter Fylkesmannens kontroll sommaren 2013, der kalibrering av sigevassmålar var tema, sjekka SUM pris på kalibrering av målar som vart brukt mot installasjon av ny målar: Dessverre viste det seg at ombruk var økonomisk ufornuftig. Kalibrering måtte evt. skje i Frankrike.

Ny målar vart innkjøpt og installert, og tatt i bruk medio januar 2014. Resultatsamanlikning gammal og ny målar viser ikkje at den gamle målar viste feil, samtidig som det er umogleg med 100% samanlikning.

Resipientgranskinga gjennomført 2011-2012 (VERITAS-rapporten er tilgjengeleg elektronisk på forespørsel) gav gode resultat og betre enn tidlegare granskingar.

Prøvetakingsområda er lagt i nærleiken av utsleppet frå tidlegare Løkingsmyra avfallsplass og avrenninga frå Hesjedalen avfallsplass. Funna indikerer at SUMs utslepp forurensar lite.

Det vert utarbeidd eigen årsrapport i høve vassovervaking

## **17. Fakkelanlegg deponigass søkt stengt av**

I januar 2013 vart det sendt søknad til Fylkesmannen om nedstenging av gass-anlegget. Søknaden vart komplettert med detaljdata 16. mai 2013.

Kort frå søknaden:

Gassanlegget vart tatt i bruk 01.06.2004. Dei fyrste åra var drifta mykje på og av. Det var som forventa små mengder gass av dårleg kvalitet. Feilmeldingane var utallige og driftstansane likeeins.

MGE-Teknik har lagt ned mykje arbeid for å få kontinuitet og drift med dei gassmengdene som er. Dei har utført årleg revisjon/ sikkerheitskontroll, oppdatert anlegget med siste versjonar for styring, gjort lokale tilpasningar og anlegget kan fjernstyrast av MGE-Teknik.

I samråd med MGE-teknik har eg stengt av 6 av i alt 12 brønner grunna lite gass med dårleg kvalitet.

Etter sikkerheitskontrollen i 2012 hadde vi ein intensiv periode på over ein månad der anlegget vart starta opp att, opptil 5 ganger om dagen, etter driftstans. Starta anlegget med CH<sub>4</sub> mengd på ca 35 % og gassmengd på under 30 Nm<sup>3</sup>/h. For kvar driftstans vart metankvalitet, gassmengd, kw effekt og fakkelt temperatur lågare.

---

Etter oppfølging v.skriv til Fylkesmannen 24. februar 2014, svara Fylkesmannen;

«Det er mykje som tyder på at gassanlegget ikkje fungerer optimalt, og at gassmengda er så liten at direkte avbrenning ikkje lenger er rett behandling. Manglande fakling vart då heller ikkje omtalt i vår tilbakemelding etter revisjonen i 2013. Fylkesmannen vil ta endeleg avgjerd i saka etter at årsrapport for 2013 er motteke, og heile 2013 kan vurderast samla.»

## **18. Gjenvinningsstasjonar, ytre**

Hyllestad / Staurdalen (i drift 2006), Askvoll / Olsetvikane (i drift 2009). Gaular /Sande (2010), Jølster / Skei (2010-2011). Fjaler / Dale (2011)

Strasjonane er aktivt drifta, og blir oppdatert etter mal for hovedanlegget på Einestølen. Ein del avfall er «attraktivt» ved nattleg besøk; Ønskjeleg å skjerme

Det vert stadig gjort justering på stasjonane, lagerbygg som sikrar innandørs «husing» er på plass.

## **19. Påverknad ytre miljø – utsjånad, lukt mv**

Det vert lagt vekt på at SUMs drift på hovudanlegget på Einestølen og gjenvinningsstasjonane, skal vere god både med omsyn til utsjånad og luktproblematikk. Dette gjeld også returpunkta.

Lukt frå anlegget (deponi og sigevass-system) vil kunne oppstå. Det har ikkje vore vanskar denne rapporteringsperioden.

SUMs anlegg skal framstå som ryddige, selskapet får generelt gode tilbakemeldingar, det har ikkje vore spesielle problem. Feiemaskinen for hjullastar gjer det mogleg å komme kjapt rundt ved behov, det er etter kvar store flater som må ryddast.

Rotteplage er nemnt tidlegare i denne meldinga: Det var eit problem hausten 2013. SUMs folk er særskild opptekne av problemstillinga saman med skadedyrfirma for å straks å få rydda opp når problemet oppstår; Det er sannsynleg at rotter vert tatt inn på anlegget ved avfallsinnkjøring, og dermed må det alltid reknast med at skadedyrproblemet oppstår

## **20. Returpunkt; Emballasjeglas/glasflasker og hytte-containerar**

Som vanleg etter kvart årsskifte og før SUM-info 1 vert klargjort, vert punkta vurdert.

Returpunktet på Fest- og utstillingsplassen i Førde kan bli flytta, Førde kommune er den avgjerande parten.

Den nye plasseringa vil i tilfelle også gjelde for hytte-brukarar

Det kan bli mindre plasseringsjusteringar, dette vert vurdert fortløpande. Så langt råd, vert justeringar tatt med i SUM-info 1-(årstal) gjort kjent før påske kvart år

## **21. Slammottak**

Slamkomposteringsaktiviteten har auka voldsomt; frå 3474 tonn i 2012 til 4873 tonn i 2013 (auke:1471 tonn). Det har vorte vurdert å redusere mottak frå «utanom SUM», det må vurderast om SUM skal vere kapasitetsløysar for andre kommunar og selskap. Så langt er konklusjonen at SUM handterer det som vert teke i mot, det er likevel naturleg å ha spørsmålet oppe i tida framover.

## **22. Mannskap som følgje av aktivitet**

Behandlinga av hushaldsavfallsdelen vil vere om lag stabil.

SUMs prisar mot næringslivet er konkurransedyktig. Dette gir likevel ingen garanti for å halde på dagens mottaksmengder.

Arbeidsplassane er viktige; Haldninga er at arbeidsplassane kjem på plass fordi ein får noko til.

Mannskapsmessig er SUM bra posisjonert for dagens aktivitetar. Selskapet har 8 faste stillingar og arbeidsavtale med vikarar.

## **23. Utviding deponiareal er aktualisert**

Lettare ureina massar vil venteleg auke med påfølgjande deponeringsbehov. SUM ønskjer å bruke deponiet til dette innan forsvarlege rammer, og har søkt Fylkesmannen om løyve til å bruke same botntettingsmetode som tidlegare vart godkjent.

## **24. Kontrollar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane**

Fylkesmannen gjennomførte sommaren 2013 systemkontroll på hovudanlegget og kontroll retta mot farleg avfall på gjenvinningsstasjonane.

Resultatet av kontrollane vert brukt til gjennomgang og skjerping av opplæring/kompetanse og driftsgjennomføring.

Ved usemje nyttar SUM seg av klageretten

## **25. Utvikling dei neste åra**

Formålet med selskapet ligg i Selskapsavtalen, som også legg grunnlaget for samarbeidet med eigarkommunane.

SUMs viktigast oppgåve er å tilby abonnentane korrekt avfallsløysing basert på:

- Kontinuerleg oppdatering på kva avfallsalternativ som finst
- Kritisk vurdering av metodikk og løysing med sikte på god ressursbruk og forsvarleg utslepp til luft-jord-vatn
- Systematisk informasjon til alle abonnentane ved bruk av internett / elektroniske løysingar, info-blad, annonser, svar på telefon-spørsmål og ved personleg kontakt

SUM bidrar til avfallskunnskap hos abonnentane, næringslivet og samfunnet generelt.

SUM-styret og tilsette er godt oppdatert og i stand til å gjere dei nødvendige kritisk vurderingane. Deltaking i faglege konferansar, besøk på aktuelle anlegg og deltaking på fagmesser er viktige element i kompetansebygginga

Når og dersom eigarkommunane ønskjer det, stiller SUM med avfallkompetanse som enten finst i selskapet eller som gode nettverk kan framskaffe. Selskapet har mange kanalar som kan brukast, mellom anna i samarbeidet KS Bedrift og Avfall Norge, og gjennom KAV (=Vestlandssamarbeidet) der om lag alle interkommunale avfallsselskap og ein del enkeltkommunar frå Nord-Rogaland (inkl Stavanger-området), Hordaland og Sogn og Fjordane er med. Også medlemsskapet i Norsk Foreining for Farlig Avfall vert brukt aktivt.

## **26. SUM samarbeider og gir råd**

Opp gjennom åra har SUM hatt god kontakt med SIMAS (Sogn). Det har vore gjennomført felles utgreiingar, erfaringsutveksling skjer ofte. Det har også i 2013 vore gjennomført felles anbudsrunde for å få opp interessa for å rekne / gi tilbod.

VESTLANDSSAMARBEID er kjent i avfallsbransjen; Organisert i KAV =Kommunalt Avfall Vestland

Kvar for seg vert selskapa og kommunane i Sogn og Fjordane små, samarbeid og samhandling må til for å sikre abonnentane og næringslivet forsvarlege avfallsløysingar.

SUMs **personale** (gjærne kopla mot gode, faglege nettverk) og **utbyggingar** (gjennomført og planlagt) gir moglegheit for å kunne tilby avfallsløysingar for både offentleg og privat verksemd i tillegg til hushaldningane; På planlegging og gjennomføring.

## **27. Info – internett - APP; Postutsendinga redusert.**

SUMs internettside skal vere aktiv og selskapets hovud-informasjonskanal. Målet er å vere på hogget med nyhende samtidig som det trauste kjem fram.

Flygeblad ”SUM-info 1-(årstal)” har vorte spreidd til alle innbyggjarar og utanbygds hytteeigarar like før påske. Frå 2013 vart utsending til utanbygds hytteeigarar stogga; Brev vart sendt til alle, og dei vart oppmoda om å bruke SUMs nettsider / ta kontakt ved behov. Sidan svært mange nyttar internett, vil det i løpet at 2014 bli vurdert å avslutte postsendinga til abonnentane i kommunane.

SUM-infoen om årleg henterunde farleg avfall og renovasjonsrutekalenderen har tidlegare vorte sendt til alle innbyggjarar som uadressert post. Dette vil også bli gjort i 2014.

**Definisjonen av APP:** Ein **app** eller **mobilapplikasjon** eller **mobilapp** er eit dataprogram som kan installert på smarttelefon, nettbrett eller andre mobile einingar.

Det vert jobba med løysing der abonnenatane sjølv kan laste ned APP med tilgang til diverse SUM-informasjon; Mellom anna er renovasjonsrutene aktuelle tema.

## **28. Opplæring - kompetanseheving**

For å sikre personleg kompetanseauke, brukar SUM mange kanalar og metodar:

- Bevisst bruk av matpausar til å informere om smått og stort, ope haldning leiing/tilsette
- Deltaking på ei rekke seminar og konferansar, dei tilsette er kontinuerleg invitert til å komme med ønske.
- Aktiv deltaking i organisasjonane KS Bedrift, Norsk Forening for Farleg Avfall, Avfall Norge
- Besøk i andre selskap

Eit av dei viktigaste opplæringselementa er meningsutvekslinga mellom tilsette kombinert med bruk av internett; Gjennom aktiv inkluderingsprosess – også gjennom formelle internmøte - gir og hentar dei tilsette idear og innspel til opplæring og praktisk drift.

## **29. Bedriftshelseteneste**

Tidlegare kjøpte SUM tenesta hos Stamina Helse AS

Frå og med 2014 er vi tilknytta Bedriftshelseteneste 1, som har opprinnelse i Sogn. Frå selskapets vedtekter hentar vi; «Bedriftshelseteneste 1 er eigd av dei verksemdene som til ei kvar til er medlemmer».

## **30. Godtgjersle styre-rep.skap-klageutval 2013**

Representantskapet fastset kvart år godtgjersla til representantskap-styre-klageutval, vedtak april 2013;

| <b>Tabell 1</b>                                                                                                    |                      |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------|
| <b>Tekst</b>                                                                                                       | <b>For året 2013</b> |
| Fast møtgodtgjersle pr. møtedag for møtande medlemmer / varamedlemmer til møte i styret, utval og representantskap | 1 260                |
| Dokumentert tapt arbeidsforteneste vert pr møtedag dekket med inntil                                               | 2 110                |
| Udokumentert tapt arbeidsforteneste vert pr. møtedag dekket med                                                    | 1 390                |
| Årleg godtgjersle til leiar av representantskapet                                                                  | 6 010                |
| Årleg godtgjersle til leiar av klageutvalet                                                                        | 6 010                |
| Årleg godtgjersle til styreleiaren                                                                                 | 39 250               |
| Årleg godtgjersle til styrets nestleiar                                                                            | 9 960                |
| Årleg godtgjersle til dei faste styremedlemmene                                                                    | 6 010                |
| Reisegodtgjersle vert dekket i samsvar med Statens reiseregulativ                                                  |                      |
| Dekking barnepass under møter, inntil kr 200/time avgrensa oppover til kr 1.200                                    |                      |

## **31. Forurensingslova § 2 og retningslinjene for avfallsarbeidet:**

### **§ 2. (retningslinjer)**

Gjennomføringen av loven skal skje etter disse retningslinjer:

1. Det skal arbeides for å hindre at forurensning oppstår eller øker, og for å begrense forurensning som finner sted. Det skal likeledes arbeides for å unngå avfallsproblemer. Loven skal nyttas for å oppnå en miljøkvalitet som er tilfredsstillende ut fra en samlet vurdering av helse, velferd, naturmiljøet, kostnader forbundet med tiltakene og økonomiske forhold.

2. Forurensningsmyndighetene skal samordne sin virksomhet med planmyndighetene slik at planlovgivningen sammen med denne lov brukes for å unngå og begrense forurensning og avfallsproblemer.
3. For å unngå og begrense forurensning og avfallsproblemer skal det tas utgangspunkt i den teknologi som ut fra en samlet vurdering av nåværende og fremtidig bruk av miljøet og av økonomiske forhold, gir de beste resultater.
4. Avfall skal tas hånd om slik at det blir minst mulig til skade og ulempe. Det skal gjenvinnes der dette ut fra en avveining av miljøhensyn, ressurs hensyn og økonomiske forhold er berettiget.
5. Kostnadene ved å hindre eller begrense forurensning og avfallsproblemer skal dekkes av den ansvarlige for forurensningen eller avfallet.
6. Forurensning og avfallsproblemer som skyldes virksomhet på norsk område skal motvirkes i samme utstrekning hva enten skadene eller ulemmene inntreffer i eller utenfor Norge

### **32. I høve til Regnskapsloven § 3-3:**

Arbeidsmiljøet er godt. SUM er tilslutta bedriftshelseteneste, brukt både som rådgjevar og oppfølging av tilsette.

Sjukefråværet var i 2013 var på 2,19 %. Verksemda har merksemd på dette feltet, og nyttar bedriftshelsetenesta som kompetansesorgan og som profesjonell bistand ved oppfølging av sjukmelding.

Likestillingsspørsmål vert vurdert når tilsetjing er aktuelt.

Det er 8 heiltids tilsette i SUM , sju menn og ei kvinne, +3 vikarar.  
Dagleg leiars årsløn: kr 749.000

### **33. SUM 20 år 25.mai 2013 feira ved ungdommeleg kunstprosjekt**

I møtet 12. mars sette styret ned ei arbeidsgruppe for å markere at SUM var 20 år. I gruppa var to styremedlem (Melvær, Ulvik) og ein frå SUMs administrasjon (Øvretveit).

Grunnskuleborn vart invitert til lage noko fint eller praktisk av avfall. Prosjektet vart lyst ut gjennom Firda, på internettsida til SUM, via e-post til alle rektorar og med eit brev til alle skulane. Sogn og Fjordane. Kunstmuseum stilte eit rom og ein kunstfagleg person til disposisjon, slik at utstillinga vart vakkert presentert i sentrale, eigna lokaler.

12 skuler/SFO-avdelingar deltok med arbeid, over 600 born har delteke og vart premiert med eit multihovudplagg («bøff»), og 3 arbeid er av fagjuryen premiert med ein større premie til skulen. Jubileet vart på denne måten markert gjennom å setje fokus på det overordna målet (avfallsreduksjon) ved å ta born sine kreative evner til hjelp. Prosjektet fekk god pressedekning gjennom avis og radio, og ved over 700 besøkande på museet.

### **34. Styrets vurdering.**

SUM er til for innbyggjarane, og skal legge til rette slik at avfallshandtering, gjenvinning og sluttbehandling er i samsvar med selskapets formelle formål. Overordna lover og forskrifter skal følgjast, men også «påverkast» i dei tilfella der regelverket i for stor grad synest å tene dei tett befolka områda sine interesser.

Forurensningslovens grunntone er god; Alle treng ikkje drive med alt over alt.

Det skal takast omsyn til både miljø og økonomi. Det som er miljømessig og økonomisk rett i sentrale strom med kortare avstand til behandlingsanlegg, treng ikkje vere rett over alt.

Det er politisk og formelt rett at avfallsbehandlinga vert tilpassa området /landsdelen Sunnfjord Ytre Sogn. Samarbeid med tilsvarende regionar – med tilsvarende bumønster – er naturleg og vert prioritert for å finne dei rette løysingane Det såkalla VESTLANDSAMARBEIDET gjennom fellesskapet Kommunalt Avfall Vestland (KAV) er svært nyttig med omsyn til påverknad og medverknad.

Som statistikken viser, har SUM oppnådd svært gode resultat på innsamling av dei mange fraksjonane under fellesnemninga Farleg Avfall; Innsamlinga toler godt å bli samanlikna med andre selskaps resultat.

Renovasjonsgebyret i SUM er lågt, samanlikna med våre grannar og på landsplan. Dermed kan det hevdast at tenestenivået kan aukast – og gebyret setjast høgare.






Styret er samd i dette, dersom auken kjem miljøet til gode. Men det er framleis rett å vurdere om endra gjennomføring kan gi meir for pengane. Tilbudsforespørsel og kunnskap og kjennskap om marknaden er god arbeidsfilosofi for å skaffe «meir for mindre».

SUM legg vekt på å halde uendra gebyr over lengre periode; Når lovverket tillet å setje av midlar «i gode år» som skal brukast innan 3 til 5 år, har SUM valt utjamning og føreseielegheit.

Som tabellen over investeringar viser, blir det brukt mykje midlar på å halde anlegg og utstyr oppdatert. Selskapet har valt å bruke litt trauste konstruksjonar og ikkje altfor finurleg utstyr, samansett og komponert slik at den daglege drifta ikkje vert for mykje spreidd. Tankegangen er at forsvarleg konsentrasjon betrar driftsøkonomien, og «traustheit» forenkler og reduserer driftskostnadane.

### Styrets punktoppsumming:

- Kompetanseorgan for eigarane = Abonnentane og kommunane
- Søkjer nye løysingar gjennom nettverksarbeid og god kontakt i fagmiljø
- Sjekkar at løysingane toler å bli granska mot miljømessige og samfunnsøkonomiske kriterier, ugjennomtenkte og lettvinde løysingar skal unngåast
- Jamleg kompetansebygging og spissing ved behov
- Fokus på gjenvinning vurdert mot miljø og økonomi
- Bidrar med avfallsløysingar og kompetanse for næringslivet
- Oppdatert på dei fleste typar avfallstilhøve enten sjølv eller gjennom gode nettverk
- Gir eigarane beskjed når ureglementære ting vert oppdaga, kommunane er forurensingsmyndigheit
- Bidrar til samarbeid utover primærområdet gjennom aktiv bruk av fagnettverk
- **Godt grunnlag for framhaldande drift**

|                                                                                                                                 |                                                                                                                |                                                                                                         |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <br>Henrik Lunde, leiar                      | <br>Frida Melvær, nestleiar | <br>Oddmund Klakegg |
| <br>Espen Berge<br>Vara for Kari Hilde Ulvik | <br>Stig Moltumyr           | <br>Harald Kvame    |
| <br>Bjørn-Harald Haugsvær                    | <br>Turid Vallestad         |                                                                                                         |


### 35. Statistikk

#### Deponert (Hesjedalen) frå opning 01.06.97, tonn

Summeringa nederste linje \* 100

I 2013 vart det deponert 13.100 tonn frå Eidsmona, Gloppen

|                 | År 1997 - 2005 | år2006 | år2007  | år2008  | år2009  | år2010  | år2011  | År 2012 | År 2013 |
|-----------------|----------------|--------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Næringsavfall   |                | 5718   | 4283    | 4625    | 10277   | 4730    | 4496    | 5661    | 18344   |
| Hush.avfall     |                | 633    | 762     | 545     | 677     | 98      | 23      | 43      | 37      |
| Treverk/slam    |                | 4208   | 4203    | 5833    | 5371    |         |         |         |         |
| Sum alle år*100 | 1234,01        | 1339,6 | 1432,08 | 1542,11 | 1705,36 | 1753,64 | 1798,83 | 1855,87 | 2039,68 |



#### Innhenta farleg avfall i SUM systemet, kg

|                                                                       | 2005          | 2006          | 2007          | 2008          | 2009          | 2010          | 2011          | 2012          | 2013          |
|-----------------------------------------------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Farleg avfall maling-lim-lakk                                         | 42571         | 45830         | 61120         | 63059         | 70202         | 62337         | 69530         | 79400         | 76460         |
| Blybatteri                                                            | 16960         | 25920         | 31560         | 44140         | 30980         | 37640         | 32780         | 34340         | 34500         |
| CCA-impregnert                                                        | 61600         | 79760         | 36240         | 67440         | 42140         | 63660         | 95520         | 143580        | 164980        |
| PCB-/Klorparafinvinde                                                 | 10020         | 6060          | 9100          | 18140         | 17320         | 18640         | 21400         | 31960         | 35460         |
| Farleg byggavfall                                                     |               |               |               |               |               |               |               |               | 11600         |
| <b>Samla kg farleg avfall innsamla i SUM systemet alle fraksjonar</b> | <b>131151</b> | <b>157570</b> | <b>138020</b> | <b>192779</b> | <b>160642</b> | <b>182277</b> | <b>219230</b> | <b>289280</b> | <b>323000</b> |




#### Kg innsamla farleg avfall per innbyggjar, totalt

|                 | 2005  | 2006  | 2007  | 2008  | 2009  | 2010  | 2011  | 2012  | 2013  |
|-----------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Kilo per bebuar | 4,827 | 5,781 | 5,046 | 7,010 | 5,807 | 6,517 | 7,800 | 10,19 | 11,26 |


#### Kg innsamla maling-lim-lakk-CCA-pcb og klorparafin (batteri og byggeavfall ikkje med) med grunnlag i 28.000 innbyggjarar

| År            | 2005  | 2006  | 2007  | 2008  | 2009  | 2010  | 2011  | 2012  | 2013  |
|---------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Pr innbyggjar | 4,078 | 4,702 | 3,802 | 5,309 | 4,631 | 5,166 | 6,659 | 9,105 | 9,889 |



**Inntransport frå gjenvinningsstasjonar, transportreduskjon og innsparing**

| Inntransp frå gjenv.stasjonar; varekode1220 treverk, 2110 restavfall, 2111 metall |        |       |       |       |       |                |                |
|-----------------------------------------------------------------------------------|--------|-------|-------|-------|-------|----------------|----------------|
|                                                                                   | 2007   | 2008  | 2009  | 2010  | 2011  | 2012           | 2013           |
| treverk tonn                                                                      | 275    | 250   | 300   | 222   | 284   | 260            | 299            |
| tal postar                                                                        | 147    | 147   | 138   | 109   | 99    | 65             | 71             |
| Tonn pr eining                                                                    | 1,871  | 1,701 | 2,174 | 2,037 | 2,869 | 4,000          | 4,211          |
|                                                                                   | 2007   | 2008  | 2009  | 2010  | 2011  | 2012           | 2013           |
| restavf. tonn                                                                     | 510    | 528   | 534   | 516   | 717   | 674            | 726            |
| tal postar                                                                        | 267    | 262   | 216   | 206   | 190   | 166            | 169            |
| Tonn pr eining                                                                    | 1,910  | 2,015 | 2,472 | 2,505 | 3,774 | 4,060          | 4,296          |
|                                                                                   | 2007   | 2008  | 2009  | 2010  | 2011  | 2012           | 2013           |
| Metall tonn                                                                       | 206    | 211   | 253   | 241   | 291   | 341            | 353            |
| tal postar                                                                        | 99     | 108   | 94    | 95    | 80    | 70             | 74             |
| Tonn pr eining                                                                    | 2,081  | 1,954 | 2,691 | 2,537 | 3,638 | 4,871          | 4,770          |
|                                                                                   | 2007   | 2008  | 2009  | 2010  | 2011  | 2012           | 2013           |
| Alle einingar                                                                     |        |       |       |       |       |                |                |
| tonn totalt                                                                       | 991    | 989   | 1087  | 979   | 1292  | 1275           | 1378           |
| postar totalt                                                                     | 513    | 517   | 448   | 410   | 369   | 301            | 314            |
| kg pr eining                                                                      | 1932   | 1913  | 2426  | 2388  | 3501  | 4236           | 4389           |
| Transportar                                                                       | 171    |       |       |       |       | 151            | 157            |
|                                                                                   | 2007   | 2008  | 2009  | 2010  | 2011  | 2012           | 2013           |
| Transportar                                                                       | 171    |       |       |       |       | 151            | 157            |
| Transportpris kr 2300                                                             | 393300 |       |       |       |       | 346150         | 361100         |
| Pris pr tonn                                                                      | 396,87 |       |       |       |       | 271,49         | 262,05         |
| <b>Årleg innsparing siste år basert på 2007</b>                                   |        |       |       |       |       | <b>159 862</b> | <b>185 789</b> |


**Restavfall renovasjonsbilane**

|                       | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | % i.h.2012 |
|-----------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------------|
| tal vegingar          | 796  | 1099 | 1113 | 1113 | 1122 | 1129 | 1205 | 1353 | 1339 | 1344 | 1336 | 1350 | 101,0      |
| Tonn                  | 4341 | 6061 | 6256 | 6477 | 6588 | 6711 | 6739 | 6679 | 6613 | 6802 | 6770 | 6813 | 100,6      |
| Snittvekt lass pr bil | 5,45 | 5,52 | 5,62 | 5,82 | 5,87 | 5,94 | 5,59 | 4,94 | 4,94 | 5,06 | 5,07 | 5,05 |            |




**Papir: Innsamla i SUM kommunane.**


| År            | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|---------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Innsamla tonn | 1144 | 1157 | 1141 | 1204 | 1303 | 1447 | 1543 | 1647 | 1766 | 1677 | 1692 | 1627 | 1445 | 1417 |

**Emballasje: Innsamla i SUM kommunane; Tonn.**


| År       | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|----------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Tot tonn | 133  | 142  | 144  | 174  | 183  | 148  | 205  | 194  | 236  | 325  | 314  | 402  | 351  | 382  |

**Utveging energigjennvinningsvarer (start utkjøring 1. des 2003)**

| Utveging energigjennvinningsvarer |      |      |      |      |      |      |      |       |       |       |       |  |
|-----------------------------------|------|------|------|------|------|------|------|-------|-------|-------|-------|--|
|                                   | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010  | 2011  | 2012  | 2013  |  |
| Hushald tonn                      | 519  | 5515 | 6002 | 6163 | 5945 | 6036 | 6011 | 6613  | 7621  | 7812  | 7801  |  |
| Næring tonn                       | 35   | 1225 | 1980 | 2146 | 2364 | 2316 | 3098 | 6066  | 6456  | 6337  | 6993  |  |
| Sum tonn                          | 554  | 6740 | 7982 | 8309 | 8309 | 8352 | 9109 | 12679 | 14077 | 14149 | 14794 |  |

**Innsamla hushaldningsavfall i SUM kommunane tonn totalt og kg avfall pr.innbyggjar**

| år                   | 2002 | 2003 | 2004  | 2005  | 2006  | 2007  | 2008  | 2009  | 2010  | 2011  | 2012  | 2013  |
|----------------------|------|------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Tonn innsamla i SUM  | 7874 | 8284 | 11915 | 11816 | 11898 | 12336 | 11224 | 11435 | 11463 | 11736 | 11828 | 11766 |
| Kg avfall pr innbuar | 291  | 305  | 411   | 435   | 437   | 451   | 408   | 413   | 410   | 418   | 417   | 410   |



**Gjenvinningsprosent / hushaldningsavfall levert gjenvinningsanlegg > 99%**

**Om lag alt hushaldsavfall går til gjenvinningsanlegg**

## **Del II; Årsrekneskap 2013, balanse 31.12.13, økonomiplan 2014-2017**

### 36. Resultat 2013

Sett opp mot med resultat 2012 og budsjett

|                                        | Resultat 2012      | Budsjett 2013      | Resultat 2013      |
|----------------------------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| <b>DRIFTSINNEKTER</b>                  |                    |                    |                    |
